



Terje Erstad  
Melandsvegen 260 A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/689 - 15/8631

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
29.04.2015

## Godkjenning av bestandsplan for Midtre Holsnøy hjortevald 2015-2017.

**Administrativt vedtak. Saknr: 141/2015**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 02.04.2015 og 28.04.2015 der Midtre Holsnøy hjortevald v/ Terje Erstad søker om å få godkjent ein ny bestandsplan for valdet, då plan for 2012-2014 har gått ut. Midtre Holsnøy består av fem jaktfelt, og har eit samla areal på 11767 daa. I førre planperiode var årleg tildeling 45 dyr per år, til saman 135 dyr. I forslaget til ny bestandsplan søker valdet m ein årleg tildeling på 35 dyr pr. år i perioden 2015-2017, til saman 105 dyr. Målsettinga i planperioden er å drive ei kontrollert avskyting som stabiliserer stammen i Vestbygd på eit akseptabelt nivå forhold til naturgrunnlaget samt jordbruks- og skogsdrift.

Dei ynskjer å vidareføra fordelingsmodellen for uttak av dyr som har vert gjeldane i valdet i førre planperiode. Kor det vil vere 20 % i kvar kjønns- og aldersklasse. Målet for kjønns- og aldersfordeling er å ha ein mest mogleg naturleg samansetning mellom kjønn og alder i bestanden.

### Vurdering:

Vald som har eit tellene areal som er 20 gonger minsteareal i kommunen kan etter forskrift om forvaltning av hjortevilt søkje om bestandsplan jf. § 19. Ein bestandsplane er eit juridisk dokument mellom kommunen og valdet, der valdet legg fram ein plan til avskyting for eit avgrensa tidsrom på deira areal. Bestandsplanen skal vere i tråd med kommunen sine mål for hjorteforvaltninga jf. § 19 for å bli godkjent. Innhaldet i ein bestandsplan skal legge fram ein oversikt over antall dyr som

skal fellast kvart år, samt ein fordeling av desse dyra på alder og kjønn. Det er viktig at alders- og kjønnsfordelinga i bestandsplanen ikkje fører til ein skeivhet i stammen.

Midtre Holsnøy hjortevald har korrigert sin søknad ved å redusere antall dyr pr. år. Dette har blitt hjort i samråd med administrasjonen i Meland kommune. Det har vore gjennomført ein reduksjon av hjortestammen i kommunen og ein ser klare teikn på at ein difor må redusera antall fellingsløyver. Det er viktig å gjera vurderingar av bestanden kvart år i forhold til mål satt for kommunen og for kvart vald i deira bestandsplan kvart år. Dette for å kunne gjere mindre justeringar i planen. Ein bestandsplan er eit viktig og godt verkemedel for ha ein langsiktig og stabil forvaltning der ein unngår store svingingar i bestanden. Valdet har hatt eit jamt utak dei siste åra, men reduksjonen i bestanden i Meland kommune må også tas inn vurderingane for denne planen. Det er lokale skilnader mellom dei ulike områda på øya, men reduksjonen i bestanden vises i alle vald.

Administrasjonen har gjort ein samla vurdering av forslag til bestandsplan og har komme fram til at forslaget til bestandsplan er godt. Det er gjennomført ein reduksjon i antall dyr i samråd med kommunen og andre vald. Det er lagt opp til ein jamm kjønns- og aldersfordeling i utaket. Administrasjonen meiner at planen er tilpassa bestandssituasjonen i kommunen, og har tatt inn den ønska reduksjonen. Administrasjonen vil derfor gå inn for at forslaget til bestandsplan difor godkjennast.

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner Midtre Holsnøy hjortevald sitt forslag til ny bestandsplanen frå 2015 i 3 år, fram til og med 2017. Årleg avskyting vil vere 35 dyr pr. år, til saman 105 dyr i perioden. Meland kommune gjev årleg fellingsløyve som frie dyr, jf. § 19 i hjorteviltforskrifta, og avskytinga skal følgje alders- og kjønnsfordeling som lagt fram i søknaden.

Vedtaket vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Kvotefordelinga mellom jaktfelta gjerast som lagt fram i søknaden.
2. Grensa for avvik i høve bestandsplanen vert sett til 10%.
3. Midtre Holsnøy hjortevald må ta avskytinga i planperioden opp til årleg vurdering og gjera eventuelle endringar. Eventuelle endringar må godkjennast av Meland kommune.

Mislighald av avtalen kan medføre att kommunen seier opp avtalen og att valdet for komande år får tildelt løyver ut frå § 21 i hjorteviltforskrifta.

Grunnlaget for vedtaket kjem fram av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i § 19 i hjorteviltforskrifta.»

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakere:

Terje Erstad

Melandsvegen 260 5918  
A

FREKHAUG